

**Fra:** Pål Kårbø (pal.karbo@bkkfiber.no)  
**Sendt:** 30.11.2014 22:16:23  
**Til:** Folkevalde  
**Kopi:** Anita Fjellheim; Hordaland KrF; Torill Selsvold Nyborg

**Emne:** Interpellasjon til fylkestinget sitt møte 9.-10des  
**Vedlegg:** image003.png

Hei!

Eg sender med dette inn interpellasjonen nedanfor. Og ser fram til handsaming og drøfting i fylkestinget

mvh

**Pål Kårbø**  
Medlem fylkestinget/samf.utvalet

Tlf.: 934 29063  
E-post: [pal.karbo@bkkfiber.no](mailto:pal.karbo@bkkfiber.no)



**Menneskeverd i sentrum**

### **Interpellasjon - Standard på nye vegprosjekt.**

Fylkesordfører!

Gjennom prosjekta Stord vestsida og Bømlopakken, er det kome tilbakemelding om at ein ikkje opplever å få tilstrekkeleg kilometer med ny/oppgradert veg for pengane.

Statens vegvesen (SVV) er Hordaland Fylkeskommune sin aktør i slike vegprosjekt, og dei gjer ein god jobb. Men det er likevel ei oppleving av at SVV sine handbøker og standardkrav gjer at vegane vert dyre. Særleg oppleves dette urimeleg når ein ser at den nye vegen nærast får «motorvegstandard», medan vegane som støytter til har ein heilt annan standard.

Hordaland KrF ønskjer at fylkestinget tar ei drøfting på denne problemstillinga, og m.a. vurderer om dette kan gjerast på ein annan måte.

Kan ein gjennom å senka standaren noko, få fleire meter ny/oppgradert veg for den samla økonomiske ramma ?

### **Framlegg til vedtak:**

Fylkesrådmannen vert beden om å ta ein gjennomgang med Statens vegvesen om denne problemstillinga.